

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE

-/

Møtedato: 30.10.2025**Møtestad:** Kommunestyresalen 4 et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 14:00 - 20:48**Behandla saker:** 95-110/2025

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Arild Ernst Legland	FrP
Arve Samnøy	H
Bjarte Aarvik	FrP
Christian Lyngbø	FrP
Dag Tore Markhus	INP
Eirik André Hesthamar	FrP
Emil Tetlie Brimsholm	H
Espen Aspenes	FrP
Eva Margrete Totland Bergstø	FrP
Gustav Bahun	FrP
Hans Vindenes	H
Hege Bjørnør	SV
Hege Aase Tysnes	SP
Helge Steinum	Ap
Ivar Hellebø	Ap
Jakob Enerhaug	KrF
Jo Rune Ugulen Kristiansen	Ap
Jon Grindevoll	FrP
Kristin Søfteland-Larsson	H
Laila Marie Reiertsen	FrP
Lin Cathrin Brunborg Anthun	H
Lina Kristine T. Vatshelle	SV
Line Furubotn Storum	Ap
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Nils-Anders Nøttseter	MDG
Olav Lønheim Tveitnes	V
Ole Viggo Skaathun	FrP
Richard Markhus	Ap
Rolf Andre Inde Kjærstad	FrP
Terje Sperrevik	SP
Terje Søviknes	FrP
Thomas Ryland Olsen	FrP
Tim Henrik Sperrevik	Ap

Tommy Sævareid	INP
Øyvind Straumsnes	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Asle Olsen	SV
Espen Engevik	FrP
Ingrid Øksnes	FrP
Jon-Ivar Revne	INP
Jonn Garvik	FrP
Marianne Hjelle	FrP
Nils Ove Lauvik	Uavh.
Ole Reinert Berg-Olsen	V
Trine Lindborg	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Arild Ernst Legland	FrP
Christian Lyngbø	FrP
Dag Tore Markhus	INP
Eva Margrete Totland Bergstø	FrP
Ivar Hellebø	AP
Jon Grindevoll	FrP
Lina Kristine T. Vatshelle	SV
Olav Lønheim Tveitnes	V
Øyvind Straumsnes	AP

Frå administrasjonen møtte:
Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjefane Monica Totland Melvold, Line Rye og Eystein J. Vennesla, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal
Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
95/2025	25/23997 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
96/2025	23/7633 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester til barn og unge
97/2025	25/23175 Tilstandsrapport barnevern 2024-2025
98/2025	25/625 Avkastningsrapport pr august 2025
99/2025	25/19258 2. Tertialrapport 2025
100/2025	25/21002 Forskrift om målform i grunnskulane
101/2025	25/22048 Forskrift om skulefritidsordninga i Bjørnafjorden kommune
102/2025	25/23045 Dimensjonering institusjon, hovudsakleg for eldre, i Bjørnafjorden
103/2025	20/14788 Kommunale prosjekt - Miljøløftets handlingsprogram 2027 - 2030
104/2025	25/22438 Revidering av retningsliner for Kulturstipend
105/2025	25/22746 55/345, Utbyggingsavtale Bono Baronsgården for manglande uteopphaldsareal for godkjenning
106/2025	23/8782 Søknad om fritak frå politiske verv
107/2025	23/5918 Val av ungdomsråd 2025-2027
108/2025	25/21673 Orientering - budsjettframlegg 2026 - 2029
109/2025	25/23997 Spørsmål
110/2025	25/23997 Interpellasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 18.09.2025 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 95/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Møtet blei satt kl 14:00

Espen Aspenes, FrP har meldt delvis forfall frem til kl 16:30. Det har ikkje vore mogleg å skaffa vara for representanten.

Nils Ove Lauvik, Uavh har meldt forfall til heile møtet, det har ikkje vore mogleg å skaffa vara for representanten.

Representantane Jon Grindevoll, FrP, Terje Sperrevik, SP og Line Kristine Vadshelle, SV var ikkje tilstades ved møtestart.

Det er 30 stemmeføre i salen.

Møtet starta kl. 14:00 med innlegg frå KS konsulent ved Håvard Moe.

Jon Grindevoll, FrP ankom møtet kl 14:02
Det er 31 stemmeføre i salen.

Lina Kristine Vatshelle, SV ankom møtet kl. 14:06.
Det er 32 stemmeføre i salen.

Møtet blei midlertidig heva for pause kl. 14:47
Møtet blei sett att kl. 14:56

Terje Sperrevik, SP ankom møtet kl. 15:06
Det er 33 stemmeføre i salen.

Møtet blei midlertidig heva for pause kl. 15:48
Møtet blei sett att kl. 16:00

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 18.09.2025 blei godkjent.

Merknader til saklista frå ordførar Terje Søviknes, FrP

- I sak 96/2025 blir det presentasjon frå revisjonsselskapet Deloitte

- I sak 97/2025 blir det ein presentasjon frå barneverntenesta
- I sak 101/2025 blir det ein kort orientering frå kommunalsjef Line Rye
- I sak 102/2025 blir det ein kort orientering frå kommunedirektør Arild M. Steine
- Det er to innkomne spørsmål i sak 109/2025
- Det er ingen innkomne interpellasjonar, sak 110/2025 utgår
- Sak 108/2025 blir behandla sist i møtet

Merknad til saklista frå Line FUrubotn Storum, Ap

- Sak 102/2025 blir behandla etter kl. 17:00

Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 18.09.2025 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med marknader.

96/2025 - FORVALTNINGSREVISJON AV PSYKISK HELSE- OG RUSTENESTER TIL BARN OG UNGE

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber revisor komme på møte i oktober og presentere forvaltningsrevisjonsrapport «Psykisk helse- og rustenester til barn og unge».

2. Kommunestyret tek kontrollutvalet si sak 32/25 Forvaltningsrevisjon psykisk helse- og rustenester til barn og unge til orientering, og ber kommunedirektøren følgje opp foreslegne tiltak frå revisjonen sin rapport. Desse er lista opp nedanfor:

1) Sikrar tydeleggjering av oppgave- og ansvarsdeling i rus- og psykisk helsearbeid retta mot barn, unge og deira familiar for alle relevante tenester og tilsette i kommunen.

2) Legg til rette for tilstrekkeleg førebyggjande arbeid knytt til rus og psykisk helse i skulane (gjennom til dømes kompetanseheving, samarbeid med skulehelsetenesta eller andre).

3) Sørger for at det er tilstrekkeleg fagpersonell for å oppfylle plikta til å sørge for helsestasjons- og skulehelseteneste i kommunen.

4) Gjennomfører systematiske kartleggingar av brukargrunnlaget og tilhodet innan psykisk helse- og rustenester for barn, unge og deira familiar i kommunen, for å kunne vurdere om kommunen sine tilbod til denne brukargruppa er rett dimensjonert.

5) Legg til rette for eit systematisk arbeid for å bidra til god psykisk helse og å førebygge rusmiddelproblem hos barn og unge med utviklingshemming.

6) Etablerer eit systematisk samarbeid på systemnivå mellom tenester som arbeid inn mot barn, unge og deira familiar i kommunen.

7) Sikrar at tilsette som arbeider inn mot barn, unge og deira familiar har nødvendig informasjon om kva system og tiltak som er etablert for å bidra til samarbeider i enkeltsaker (til dømes barnekoordinator).

8) Etablerer tilstrekkeleg retningslinjer og rutinar som sikrar god og påkravd oppfølging av barn og unge med individuell plan (inkludert retningslinjer for nødvendig opplæring i bruk av digitalt system for koordinatorar).

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren rapportere korleis tilrådingane til revisjonen er følgt opp innan 1. halvår 2026.

Behandling og vedtak i sak 96/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Kjersti Djuvsland fra Deloitte orienterte i saka.

Ordfører Terje Søviknes, FrP orienterte kommunestyret om at punkt 1 i forslag til vedtak utgår, dette punktet no er gjennomført.

Espen Aspenes, FrP ankom møtet kl. 16:27
Det er 34 stemmeføre i salen.

Votering:

Kontrollutvalet si innstilling i to punkt blei ei einstemmig vedtatt

Vedtak:

1. Kommunestyret tek kontrollutvalet si sak 32/25 Forvaltningsrevisjon psykisk helse- og rustenester til barn og unge til orientering, og ber kommunedirektøren følgje opp foreslegne tiltak frå revisjonen sin rapport. Desse er lista opp nedanfor:

1) Sikrar tydeleggjering av oppgåve- og ansvarsdeling i rus- og psykisk helsearbeid retta mot barn, unge og deira familiar for alle relevante tenester og tilsette i kommunen.

2) Legg til rette for tilstrekkeleg førebyggjande arbeid knytt til rus og psykisk helse i skulane (gjennom til dømes kompetanseheving, samarbeid med skulehelsetenesta eller andre).

3) Sørger for at det er tilstrekkeleg fagpersonell for å oppfylle plikta til å sørge for helsestasjons- og skulehelseteneste i kommunen.

4) Gjennomfører systematiske kartleggingar av brukargrunnlaget og tilhodet innan psykisk helse- og rustenester for barn, unge og deira familiar i kommunen, for å kunne vurdere om kommunen sine tilbod til denne brukargruppa er rett dimensjonert.

5) Legg til rette for eit systematisk arbeid for å bidra til god psykisk helse og å førebygge rusmiddelproblem hos barn og unge med utviklingshemming.

6) Etablerer eit systematisk samarbeid på systemnivå mellom tenester som arbeid inn mot barn, unge og deira familiar i kommunen.

7) Sikrar at tilsette som arbeider inn mot barn, unge og deira familiar har nødvendig informasjon om kva system og tiltak som er etablert for å bidra til samarbeider i enkeltsaker (til dømes barnekoordinator).

8) Etablerer tilstrekkeleg retningslinjer og rutinar som sikrar god og påkravd oppfølging av

barn og unge med individuell plan (inkludert retningslinjer for nødvendig opplæring i bruk av digitalt system for koordinatarar).

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren rapportere korleis tilrådingane til revisjonen er følgt opp innan 1. halvår 2026.

97/2025 - TILSTANDSRAPPORT BARNEVERN 2024-2025

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 114/2025

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Bjørnafjorden barnevernsteneste for 2024-25 til etterretning.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Bjørnafjorden barnevernsteneste for 2024-25 til etterretning.

Behandling og vedtak i sak 97/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Barnevernsleiar Marianne Kjelby orienterte i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva for lunsjpause kl. 17:33

Vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Bjørnafjorden barnevernsteneste for 2024-25 til etterretning.

98/2025 - AVKASTNINGSRAPPORT PR AUGUST 2025

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 109/2025

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. august 2025 frå Norne Securities til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. august 2025 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 98/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Møtet satt kl. 18:01

Helge Steinum, Ap ankom møtet kl. 18:01, vara Ivar Hellebø, Ap forlot møtet kl. 18:01

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. august 2025 frå Norne Securities til orientering.

99/2025 - 2. TERTIALRAPPORT 2025**Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 111/2025**

1. Kommunestyret tar 2. tertialrapport 2025 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 2. tertial 2025 til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjetttrammene til sektorane for 2025 blir auka for å kompensere for verknader av lønsoppgjeret i år. Auken blir dekkja frå avsett budsjettpost på Fellesområdet til dette føremålet. Det blir gjort slik budsjettregulering:

<u>Sektor:</u>		<u>Beløp:</u>
Fellesutgifter		1 054 000
Stab		813 000
Oppvekst		12 137 000
Helse og velferd		14 037 000
Samfunnsutvikling		1 830 000
<u>Finansiering:</u>		
Fellesområde	Avsett budsjettpost til årets lønsoppgjer	29 871 000

4. Kommunestyret godkjenner at budsjetttrammene til sektorane for 2025 blir auka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2025. Det blir gjort slik budsjettregulering:

<u>Sektor</u>	<u>Formål</u>	<u>Beløp</u>
Fellesutgifter	Ny offentleg AFP	17 508 000
Oppvekst	Redusert foreldrebetaling barnehage	5 087 000
Helse og velferd	Basistilskot legar	1 162 000
Helse og velferd	Vaksinasjonsprogram	- 270 000
Finansiering:	Auka rammetilskot RNB	23 487 000

5. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar innafør finansområdet i 2025:

<u>Auka utgifter:</u>	<u>Beløp:</u>
Renteutgifter - auke	11 000 000
Avdrag - auke	1 500 000
Renteutgifter Startlån - auke	4 500 000
<u>Auka inntekter:</u>	<u>Beløp:</u>
Avkastning overskotslikviditet	11 500 000
Renteinntekter auke	4 500 000
Renteinntekter Startlån - auke	1 000 000

6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar i driftsbudsjettet for 2025 for å finansiere avviket i sektorane:

<u>Sektor</u>	<u>Formål</u>	<u>Beløp</u>
Helse og velferd	Sosialhjelp flyktningar	3 700 000
Oppvekst	Generell løyving	22 000 000
Helse og velferd	Generell løyving	33 000 000
Helse og velferd	Ressurskrevjande tenester	13 000 000
Sum		71 700 000
<u>Finansiering</u>		<u>Beløp</u>
Fellesområde	Innsparing lønsoppgjer 2025	11 000 000
Frie inntekter	Auka integreringstilskot flykningar	3 700 000
Frie inntekter	Auka rammetilskot RNB	6 074 000
Interne finansieringstransaksjoner	Redusert avsetning til disposisjonsfond	18 501 000
Interne finansieringstransaksjoner	Bruk av fond til ressurskrevjande teneste	13 000 000
Interne finansieringstransaksjoner	Bruk av disposisjonsfond	19 425 000
Sum		71 700 000

7. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar i investeringsbudsjettet for 2025:

Prosjekt	Noverande Budsjett 2025	Nytt budsjett 2025	Endra utgifter
Nr 10000 Startlån - ekstra avdrag	-	10 077 000	10 077 000
Nr 1000 Startlån innbetalt ekstra avdrag	-	- 10 077 000	- 10 077 000
Nr 3560 Ombygging Grantun	5 000 000	6 000 000	1 000 000
Nr 6020 Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	7 500 000	5 500 000
Nr 6070 Politstasjon Moberg	2 401 601	401 601	- 2 000 000
Nr 6100 Ombygging komm. Bygg	5 000 000	5 400 000	400 000
Nr 7261 Parkering i fjell	1 332 000	9 000 000	7 668 000
Nr 7260 Parkeringsanlegg	4 866 984	366 984	- 4 500 000
Nr 8000 Vassanlegg	32 000 000	25 000 000	- 7 000 000
Nr 9000 Avlaupsprosjekt	32 000 000	39 000 000	7 000 000
Sum			8 068 000
<u>Finansiering:</u>			
Nr 99999 Finansiering investering	Bruk av unytta lån/mva kompensasjon		- 8 068 000

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 2. tertialrapport 2025 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 2. tertial 2025 til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjetttrammene til sektorane for 2025 blir auka for å kompensere for verknader av lønsoppgjeret i år. Auken blir dekket frå avsett budsjettpost på Fellesområdet til dette føremålet. Det blir gjort slik budsjettregulering:

Sektor:		Beløp:
Fellesutgifter		1 054 000
Stab		813 000
Oppvekst		12 137 000
Helse og velferd		14 037 000
Samfunnsutvikling		1 830 000
<u>Finansiering:</u>		
Fellesområde	Avsett budsjettpost til årets lønsoppgjer	29 871 000

4. Kommunestyret godkjenner at budsjetttrammene til sektorane for 2025 blir auka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2025. Det blir gjort slik budsjettregulering:

Sektor	Formål	Beløp
Fellesutgifter	Ny offentlig AFP	17 508 000
Oppvekst	Redusert foreldrebetaling barnehage	5 087 000
Helse og velferd	Basistilskot legar	1 162 000
Helse og velferd	Vaksinasjonsprogram	- 270 000
<u>Finansiering:</u>	Auka rammetilskot RNB	23 487 000

5. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar innafør finansområdet i 2025:

<u>Auka utgifter:</u>	<u>Beløp:</u>
Renteutgifter - auke	11 000 000
Avdrag - auke	1 500 000
Renteutgifter Startlån - auke	4 500 000
<u>Auka inntekter:</u>	<u>Beløp:</u>
Avkastning overskotslikviditet	11 500 000
Renteinntekter auke	4 500 000
Renteinntekter Startlån - auke	1 000 000

6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar i driftsbudsjettet for 2025 for å finansiere avviket i sektorane:

<u>Sektor</u>	<u>Formål</u>	<u>Beløp</u>
Helse og velferd	Sosialhjelp flyktningar	3 700 000
Oppvekst	Generell løyving	22 000 000
Helse og velferd	Generell løyving	33 000 000
Helse og velferd	Ressurskrevjande tenester	13 000 000
Sum		71 700 000
<u>Finansiering</u>		<u>Beløp</u>
Fellesområde	Innsparing lønsoppgjer 2025	11 000 000
Frie inntekter	Auka integreringstilskot flykningar	3 700 000
Frie inntekter	Auka rammetilskot RNB	6 074 000
Interne finansieringstransaksjoner	Redusert avsetning til disposisjonsfond	18 501 000
Interne finansieringstransaksjoner	Bruk av fond til ressurskrevjande teneste	13 000 000
Interne finansieringstransaksjoner	Bruk av disposisjonsfond	19 425 000
Sum		71 700 000

7. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar i investeringsbudsjettet for 2025:

Prosjekt	Noverande Budsjett 2025	Nytt budsjett 2025	Endra utgifter
Nr 10000 Startlån - ekstra avdrag	-	10 077 000	10 077 000
Nr 1000 Startlån innbetalt ekstra avdrag	-	- 10 077 000	- 10 077 000
Nr 3560 Ombygging Grantun	5 000 000	6 000 000	1 000 000
Nr 6020 Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	7 500 000	5 500 000
Nr 6070 Politstasjon Moberg	2 401 601	401 601	- 2 000 000
Nr 6100 Ombygging komm. Bygg	5 000 000	5 400 000	400 000
Nr 7261 Parkering i fjell	1 332 000	9 000 000	7 668 000
Nr 7260 Parkeringsanlegg	4 866 984	366 984	- 4 500 000
Nr 8000 Vassanlegg	32 000 000	25 000 000	- 7 000 000
Nr 9000 Avlaupsprosjekt	32 000 000	39 000 000	7 000 000
Sum			8 068 000
<u>Finansiering:</u>			
Nr 99999 Finansiering investering	Bruk av unytta lån/mva kompensasjon		- 8 068 000

Behandling og vedtak i sak 99/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret tar 2. tertialrapport 2025 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 2. tertial 2025 til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjettrammene til sektorane for 2025 blir auka for å kompensere for verknader av lønsoppgjeret i år. Auken blir dekkja frå avsett budsjettpost på Fellesområdet til dette føremålet. Det blir gjort slik budsjettregulering:

<u>Sektor:</u>	<u>Beløp:</u>
Fellesutgifter	1 054 000
Stab	813 000
Oppvekst	12 137 000
Helse og velferd	14 037 000
Samfunnsutvikling	1 830 000
<u>Finansiering:</u>	
Fellesområde	Avsett budsjettpost til årets lønsoppgjer 29 871 000

4. Kommunestyret godkjenner at budsjettrammene til sektorane for 2025 blir auka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2025. Det blir gjort slik budsjettregulering:

<u>Sektor</u>	<u>Formål</u>	<u>Beløp</u>
Fellesutgifter	Ny offentlig AFP	17 508 000
Oppvekst	Redusert foreldrebetaling barnehage	5 087 000
Helse og velferd	Basistilskot legar	1 162 000
Helse og velferd	Vaksinasjonsprogram	- 270 000
Finansiering:	Auka rammetilskot RNB	23 487 000

5. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar innfor finansområdet i 2025:

<u>Auka utgifter:</u>	<u>Beløp:</u>
Renteutgifter - auke	11 000 000
Avdrag - auke	1 500 000
Renteutgifter Startlån - auke	4 500 000
<u>Auka inntekter:</u>	<u>Beløp:</u>
Avkastning overskotslikviditet	11 500 000
Renteinntekter auke	4 500 000
Renteinntekter Startlån - auke	1 000 000

6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar i driftsbudsjettet for 2025 for å finansiere avviket i sektorane:

<u>Sektor</u>	<u>Formål</u>	<u>Beløp</u>
Helse og velferd	Sosialhjelp flyktningar	3 700 000
Oppvekst	Generell løyving	22 000 000
Helse og velferd	Generell løyving	33 000 000
Helse og velferd	Ressurskrevjande tenester	13 000 000
Sum		71 700 000
<u>Finansiering</u>		<u>Beløp</u>
Fellesområde	Innsparing lønsoppgjer 2025	11 000 000
Frie inntekter	Auka integreringstilskot flykningar	3 700 000
Frie inntekter	Auka rammetilskot RNB	6 074 000
Interne finansieringstransaksjoner	Redusert avsetning til disposisjonsfond	18 501 000
Interne finansieringstransaksjoner	Bruk av fond til ressurskrevjande tenester	13 000 000
Interne finansieringstransaksjoner	Bruk av disposisjonsfond	19 425 000
Sum		71 700 000

7. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort slike budsjettreguleringar i investeringsbudsjettet for 2025:

Prosjekt	Noverande Budsjett 2025	Nytt budsjett 2025	Endra utgifter
Nr 10000 Startlån - ekstra avdrag	-	10 077 000	10 077 000
Nr 1000 Startlån innbetalt ekstra avdrag	-	- 10 077 000	- 10 077 000
Nr 3560 Ombygging Grantun	5 000 000	6 000 000	1 000 000
Nr 6020 Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	7 500 000	5 500 000
Nr 6070 Politstasjon Moberg	2 401 601	401 601	- 2 000 000
Nr 6100 Ombygging komm. Bygg	5 000 000	5 400 000	400 000
Nr 7261 Parkering i fjell	1 332 000	9 000 000	7 668 000
Nr 7260 Parkeringsanlegg	4 866 984	366 984	- 4 500 000
Nr 8000 Vassanlegg	32 000 000	25 000 000	- 7 000 000
Nr 9000 Avlaupsprosjekt	32 000 000	39 000 000	7 000 000
Sum			8 068 000
Finansiering:			
Nr 99999 Finansiering investering	Bruk av unytta lån/mva kompensasjon		- 8 068 000

100/2025 - FORSKRIFT OM MÅLFORM I GRUNNSKULANE

Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 14.10.2025 - 50/2025

Kommunestyret vedtek forskrift om hovudmål i grunnskulen for Bjørnafjorden kommune slik den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek forskrift om hovudmål i grunnskulen for Bjørnafjorden kommune slik den ligg føre.

Behandling og vedtak i sak 100/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Votering:
Innstillinga frå Tenesteutvalet blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek forskrift om hovudmål i grunnskulen for Bjørnafjorden kommune slik den ligg føre.

101/2025 - FORSKRIFT OM SKULEFRITIDSORDNINGA I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 113/2025

Kommunestyret i Bjørnafjorden kommune vedtek Ny forskrift for skulefritidsordninga (SFO) gjeldande frå 01.11.25.

Endring av plasstilbod og minimumstal blir endra frå 01.08.26

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Bjørnafjorden kommune vedtek Ny forskrift for skulefritidsordninga (SFO) gjeldande frå 01.11.25.

Endring av plasstilbod og minimumstal blir endra frå 01.08.26

**Behandling og vedtak i sak 101/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025**

Framlegg til vedtak frå Nils-Anders Nøttseter, Miljøpartiet dei grøne

Endring av kapittel 9

Kapittel "9. Personale" blir endra til "9. Personale og leing" og omtale av leing blir lagt inn i tråd med det som står i innleiinga i forskrifta

Framlegg til vedtak frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Arbeidarpartiet

Nedjustering av tal på barn naudsynt for å ha utvida opningstid

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre, men med nedjustering av tal på barn som skal til for å ha utvida opningstid, frå 13 til 8.

Behandling:

Kommunalsjef Line Rye orienterte i saka.

Kl. 18:14 overtok varaordfører Marie Bruarøy, H møteleiinga under ordfører Terje Søviknes, FrP sitt ordskifte

Etter ordskifte overtok ordfører Terje Søviknes, FrP møteleiinga igjen kl. 18:15

Møtet blei midlertidig heva for gruppemøte kl. 18:17

Møtet blei sett att kl. 18:24

Votering:

Alternativt forslag til vedtak fremma av Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap fekk 13 stemmer (6AP, 2INP, 2SV, 2SP, 1V) og fall.

Endringsforslag fremma av Nils-Anders Nøttseter, MDG blei einstemmig vedtatt.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret i Bjørnafjorden kommune vedtek Ny forskrift for skulefritidsordninga (SFO) gjeldande frå 01.11.25, med følgjande endring:

- Kapittel "9. Personale" blir endra til "9. Personale og leing" og omtale av leing blir lagt inn i tråd med det som står i innleiinga i forskrifta

Endring av plasstilbod og minimumstal blir endra frå 01.08.26

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 115/2025

1. Kommunestyret går inn for ny modell for sjukeheimane våre. 70 omsorgsbustader ved LBBS vert heimla om til institusjonsplassar. Det vert gjennomført individuelle vedtak for bebuarar i tråd med aktuelt lovverk.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast råd leggja fram ei politisk sak om ny vedtakspraksis/tildelingskriterie for helse- og omsorgstenester.
3. Talet på sjukeheimsplassar vert gradvis redusert gjennom naturleg avgang og avgrensa inntak, slik at tenestetilbodet vert dreia mot meir heimebaserte tenester og andre tenester på lågaste moglege nivå i innsatstrappa. Dette skal gjennomførast for å tilpassa talet plassar til dei vedtekne økonomiske rammene og for at nivået skal vera meir berekraftig når det gjeld tilgang på arbeidskraft. Føresetnaden er at dei som treng det får tenester på eit fagleg forsvarleg nivå. Det er viktig at vi klarer å frigjera kapasitet på institusjonane raskt, slik at vi er førebudde og har kapasitet til å handtera den store veksten i talet på eldre som kjem framover.
4. Kommunestyret ber om å bli orientert om endeleg dimensjonering av sjukeheimsplassar fordelt på langtidsplassar, kortidsplassar og ulike spesialavdelingar. Kommunestyret ber om at det frå 2026 vert jamnleg rapportert på dimensjonering av avdelingane, belegg, flytting av bebuarar, personalressursar, strukturendringar, økonomiske gevinstar og gradvis styrking av heimebaserte tenester.
5. Kommunestyret ber om å bli orientert om framtidig organisasjons- og leiarstruktur for sjukeheimane, og legg til grunn at kommunen her oppnår ein effektiviseringsgevinst.
6. Kommunestyret legg til grunn at heimetenestene må styrkast knytt til gradvis redusert tal institusjonsplassar, og ber om at sak om dette vert fremja for politisk handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kommunestyret går inn for ny modell for sjukeheimane våre. 70 omsorgsbustader ved LBBS vert heimla om til institusjonsplassar. Det vert gjennomført individuelle vedtak for bebuarar i tråd med aktuelt lovverk.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast råd leggja fram ei politisk sak om ny vedtakspraksis/tildelingskriterie for helse- og omsorgstenester.
3. Talet på sjukeheimsplassar vert gradvis redusert gjennom naturleg avgang og inntaksstopp, slik at tenestetilbodet vert dreia mot meir heimebaserte tenester og andre tenester på lågaste moglege nivå i innsatstrappa. Dette skal gjennomførast for å tilpassa talet plassar til dei vedtekne økonomiske rammene og for at nivået skal vera meir berekraftig når det gjeld tilgang på arbeidskraft. Føresetnaden er at dei som treng det får tenester på eit fagleg forsvarleg nivå. Det er viktig at vi klarer å frigjera kapasitet på institusjonane raskt, slik at vi er førebudde og har kapasitet til å handtera den store veksten i talet på eldre som kjem framover.

**Behandling og vedtak i sak 102/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025**

Framlegg til vedtak frå Jakob Enerhaug, Kristeleg folkeparti

Alternativt framlegg til vedtak frå KrF om Dimensjonering institusjon, hovudsakleg for eldre, i Bjørnafjorden

1. 70 omsorgsbustader ved LBBS vert heimla om til institusjonsplassar.
2. Heimetenestene må styrkast i takt med reduksjon av tal på institusjonsplassar. Kommunestyret ber om at det snarast råd vert fremja ei politisk sak om styrking av heimetenestene.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast råd leggja fram politiske saker om
 - (a) ny modell for dimensjonering av sjukeheimsplassar fordelt på langtidsplassar, kortidsplassar og ulike spesialavdelingar

og om

(b) ny vedtakspraksis/tildelingskriterie for helse- og omsorgstenester.

4. Talet på sjukeheimplassar på LBBS skal reduserast i åra som kjem som eit økonomisk sparetiltak, føreset at heimetenestene først vert styrka tilstrekkeleg: med mål om X plassar i 2026, Y plassar i 2027, Z plassar i 2028. Reduksjon av plassar skal gjerast gjennom naturleg avgang og avgrensa inntak.

5. Kommunestyret ber om at det frå 2026 vert jamnleg rapportert på dimensjonering av avdelingane, belegg, flytting av bebuarar, personalressursar, strukturendringar, økonomiske gevinstar og gradvis styrking av heimebaserte tenester.

6. Kommunestyret ber om å bli orientert om framtidig organisasjons- og leiarstruktur for sjukeheimane, og legg til grunn at kommunen her oppnår ein effektiviseringsgevinst.

Framlegg til vedtak frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Arbeidarpartiet

Alternativt framlegg til vedtak

Kommunestyret utset handsaming av saka til etter budsjettprosessen, slik at dimensjoneringssaka kan sjåast i samanheng med den øvrige kommuneøkonomien, og slik at ein i større grad kan få på plass ein plan for løysingar og tiltak på dei lågare trinna i omsorgstrappa, før implementering av ei så stor omstilling som det er lagt opp til her.

Behandling:

Kommunedirektør Arild M. Steine orienterte i saka.

Kl. 18:56 overtok varaordførar Marie Bruarøy, H møteleiinga under ordførar Terje Søviknes, FrP sitt ordskifte

Etter ordskifte overtok ordførar Terje Søviknes, FrP møteleiinga igjen kl. 19:07

Kl. 19:25 overtok varaordførar Marie Bruarøy, H møteleiinga under ordførar Terje Søviknes, FrP sitt ordskifte

Etter ordskifte overtok ordførar Terje Søviknes, FrP møteleiinga igjen kl. 19:30

Møtet blei heva for gruppemøte kl. 19:38

Møtet blei sett att kl. 19:50

Votering:

Alternativt framlegg til vedtak fremma av Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap fekk 14 stemmer (6AP, 2INP, 2SV, 2SP, 1KrF, 1MDG) og fall.

Alternativt framlegg til vedtak fremma av Jakob Enerhaug, KrF fekk 5 stemmer (2INP, 1KrF, 1MDG, 1AP - Richard Markhus) og fall

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap fekk 20 stemmer (13FrP, 6H, 1V) og blei vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret går inn for ny modell for sjukeheimane våre. 70 omsorgsbustader ved LBBS vert heimla om til institusjonsplassar. Det vert gjennomført individuelle vedtak for bebuarar i tråd med aktuelt lovverk.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast råd leggja fram ei politisk sak om ny vedtakspraksis/tildelingskriterie for helse- og omsorgstenester.
3. Talet på sjukeheimplassar vert gradvis redusert gjennom naturleg avgang og avgrensa inntak, slik at tenestetilbodet vert dreia mot meir heimebaserte tenester og andre tenester på lågaste moglege nivå i innsatstrappa. Dette skal gjennomførast for å tilpassa talet plassar til dei vedtekne økonomiske rammene og for at nivået skal vera meir berekraftig når det gjeld tilgang på arbeidskraft. Føresetnaden er at dei som treng det får tenester på eit fagleg forsvarleg nivå. Det er viktig at vi klarer å frigjera

kapasitet på institusjonane raskt, slik at vi er førebudde og har kapasitet til å handtera den store veksten i talet på eldre som kjem framover.

4. Kommunestyret ber om å bli orientert om endeleg dimensjonering av sjukeheimplassar fordelt på langtidsplassar, kortidsplassar og ulike spesialavdelingar. Kommunestyret ber om at det frå 2026 vert jamnleg rapportert på dimensjonering av avdelingane, belegg, flytting av bebuarar, personalressursar, strukturendringar, økonomiske gevinstar og gradvis styrking av heimebaserte tenester.
5. Kommunestyret ber om å bli orientert om framtidig organisasjons- og leiarstruktur for sjukeheimane, og legg til grunn at kommunen her oppnår ein effektiviseringsgevinst.
6. Kommunestyret legg til grunn at heimetenestene må styrkast knytt til gradvis redusert tal institusjonsplassar, og ber om at sak om dette vert fremja for politisk handsaming.

103/2025 - KOMMUNALE PROSJEKT - MILJØLØFTETS HANDLINGSPROGRAM 2027 - 2030

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 116/2025

Kommunestyret godkjenner at følگانede prosjekt blir spelt inn i prosjektporteføljen til Miljøløftet.

- Snarveg Osøyro
- Trygg sykkelparkering
- Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro
- KV 1133 Fortau Nilsavegen - Ferstadvegen
- Gang- og sykkelveg Lyseparken - Byvegen
- KV 1259/E39 Kollektiv Storestraumen

Kommunedirektøren foreslår at kommunen jobbar for at Vestland fylkeskommune speler inn prosjektark for:

- Fv 552 Gang- og sykkelveg Hatvikvegen - Finnebrekka - Oselva
- Fv 5154 Gang og sykkelveg Skjelåsen – til påkopling Åsen/Hellskaret / Lysekloster skule/Ole Bullsveg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at følگانede prosjekt blir spelt inn i prosjektporteføljen til Miljøløftet.

- Snarveg Osøyro
- Trygg sykkelparkering
- Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro
- KV 1133 Fortau Nilsavegen - Ferstadvegen
- Gang- og sykkelveg Lyseparken - Byvegen
- KV 1259/E39 Kollektiv Storestraumen

Kommunedirektøren foreslår at kommunen jobbar for at Vestland fylkeskommune speler inn prosjektark for:

- Fv 552 Gang- og sykkelveg Hatvikvegen - Finnebrekka - Oselva

- Fv 5154 Gang og sykkelveg Skjelåsen – til påkopling Åsen/Hellskaret / Lysekloster skule/Ole Bullsveg

Behandling og vedtak i sak 103/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at følgjande prosjekt blir spelt inn i prosjektporteføljen til Miljøløftet.

- Snarveg Osøyro
- Trygg sykkelparkering
- Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro
- KV 1133 Fortau Nilsavegen - Ferstadvegen
- Gang- og sykkelveg Lyseparken - Byvegen
- KV 1259/E39 Kollektiv Storestraumen

Kommunedirektøren foreslår at kommunen jobbar for at Vestland fylkeskommune spelar inn prosjektark for:

- Fv 552 Gang- og sykkelveg Hatvikvegen - Finnebrekka - Oselva
- Fv 5154 Gang og sykkelveg Skjelåsen – til påkopling Åsen/Hellskaret / Lysekloster skule/Ole Bullsveg

104/2025 - REVIDERING AV RETNINGSLINER FOR KULTURSTIPEND

Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 14.10.2025 - 46/2025

Kommunestyret godkjenner at vedtekter for kulturstipend blir endra på desse punkta:

§ 2 Målgruppe

Det kan søkast om stipend frå og med det året søkar fyller 16 år til og med det året søkar fyller 26 år.

§ 4 Utlysing

Stipendordninga blir lyst ut offentleg kvart år.

§ 8 Endring

Framlegg om endring av vedtektene må godkjennast av Tenesteutvalet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at vedtekter for kulturstipend blir endra på desse punkta:

§ 2 Målgruppe

Det kan søkast om stipend frå og med det året søkar fyller 16 år til og med det året søkar fyller 26 år.

§ 4 Utlysing

Stipendordninga blir lyst ut offentleg kvart år.

§ 8 Endring

Framlegg om endring av vedtektene må godkjennast av Tenesteutvalet.

**Behandling og vedtak i sak 104/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025**

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Tenesteutvalet blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at vedtekter for kulturstipend blir endra på desse punkta:

§ 2 Målgruppe

Det kan søkast om stipend frå og med det året søkar fyller 16 år til og med det året søkar fyller 26 år.

§ 4 Utlysing

Stipendordninga blir lyst ut offentleg kvart år.

§ 8 Endring

Framlegg om endring av vedtektene må godkjennast av Tenesteutvalet.

**105/2025 - 55/345, UTBYGGINGSAVTALE BONO BARONSGÅRDEN FOR MANGLANDE
UTEOPPHALDSAREAL FOR GODKJENNING**

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 16.10.2025 - 118/2025

Kommunestyret godkjenner framforhandla utbyggingsavtale med Bono Baronsgården AS datert 23.9.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla utbyggingsavtale med Bono Baronsgården AS datert 23.9.2025

Behandling og vedtak i sak 105/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025

Behandling:

Espen Aspenes, FrP ba Bjørnafjorden kommunestyre vurderte hans habilitet i saka.
Representanten er grunneiar av naboeigedomen.
Bjørnafjorden kommunestyre vurderte Espen Aspenes, FrP einstemmig habil i saka.

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla utbyggingsavtale med Bono Baronsgården AS
datert 23.9.2025

106/2025 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Representanten Gitle Berland, Sp, får fritak frå sine politiske verv i Bjørnafjorden kommune.

Som ny, 5. varamedlem til kommunestyret for Senterpartiet veljast

Som 4. varamedlem i tenesteutvalet for partisamarbeidet Ap-Sp veljast

Behandling og vedtak i sak 106/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025

Framlegg til vedtak frå Hege Aase Tysnes, Senterpartiet

Val - forslag fra Sp

Som ny, 5. varamedlem til kommunestyret for Senterpartiet veljast

Helge Andersen

Som 4. varamedlem i tenesteutvalet for partisamarbeidet Ap-Sp veljast

Hans Martin Leikvoll Eide

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med tilhøyrande alternativt forslag til vedtak
fremma av Hege Aase Tysnes, Sp blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Representanten Gitle Berland, Sp, får fritak frå sine politiske verv i Bjørnafjorden kommune.

Som ny, 5. varamedlem til kommunestyret for Senterpartiet veljast
Helge Andersen

Som 4. varamedlem i tenesteutvalet for partisamarbeidet Ap-Sp veljast
Hans Martin Leikvoll Eide

107/2025 - VAL AV UNGDOMSRÅD 2025-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer, med heimel i KommuneLOVA § 5-12, vedtak om slik samansetjing av ungdomsrådet for perioden 2025-2027 :

Faste medleamar	Representerer
Aurora Sjøbø	Andre
Benjamin Martin Aase	Andre
Ella Christiansdotter Epland	Fusa ungdomsskule
Magnus Haldorsen Bakke	Nore Neset ungdomsskule
Adrian Karlsen	Os ungdomsskule
Mathilde Eikeland Gjøen	Fusa vidaregåande skule
Hanna Viktoria Bjøntegaard	Kongshaug musikkgymnas
Annie Sofie Ask	Os gymnas
Fredrik Strønen Sperrevik	Os vidaregåande skule

Vararepresentanter:

Vara for Aurora Sjøbø

1	Andrea Gjevre Røttingen	Andre (Os vidaregåande skule)
2	Lena Pietraszewska	Andre (Os ungdomsskule)

Vara for Benjamin Martin Aase

1	Andreas Boge Berland	Andre (Fusa ungdomsskule)
2	Mateo Ivarsen	Andre (Os ungdomsskule)

Vara for Ella Christiansdotter Epland

1	Agata Konieczka	Fusa ungdomsskule
2	Lars Andreas Stenevik Gjøen	Fusa ungdomsskule

Vara for Magnus Haldorsen Bakke

1	Johannes Skeie	Nore Neset ungdomsskule
---	----------------	-------------------------

Vara for Adrian Karlsen

1 .	Johannes Fjeld Skulstad	Os ungdomsskule
2 .	Alexander Horgen	Os ungdomsskule

Vara for Mathilde Eikeland Gjøn

1 .	Liselotte Döring	Fusa vidaregåande skule
2 .	Mads Lund Halland	Fusa vidaregåande skule

Vara for Hanna Viktoria Bjøntegaard

1	Jens Harnes	Kongshaug musikkgymsas
2.	Ronja Alvalin Hvide Meling	Os ungdomsskule

Vara for Annie Sofie Ask

1 .	Andrine Forstrønen	Os gymnas
--------	--------------------	-----------

Vara for Fredrik Strønen Sperrevik

1 .	Jakob Austevoll Lyssand	Os vidaregåande skule
2 .	Aurora Sverre	Os vidaregåande skule

**Behandling og vedtak i sak 107/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025**

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret gjer, med heimel i KommuneLOVA § 5-12, vedtak om slik samansetjing av ungdomsrådet for perioden 2025-2027 :

Faste medlemar	Representerer
Aurora Sjøbø	Andre
Benjamin Martin Aase	Andre
Ella Christiansdotter Epland	Fusa ungdomsskule
Magnus Haldorsen Bakke	Nore Neset ungdomsskule

Adrian Karlsen	Os ungdomsskule
Mathilde Eikeland Gjøn	Fusa vidaregåande skule
Hanna Viktoria Bjøntegaard	Kongshaug musikkgymnas
Annie Sofie Ask	Os gymnas
Fredrik Strønen Sperrevik	Os vidaregåande skule

Vararepresentanter:

Vara for Aurora Sjøbø

1 .	Andrea Gjevre Røttingen	Andre (Os vidaregåande skule)
2 .	Lena Pietraszewska	Andre (Os ungdomsskule)

Vara for Benjamin Martin Aase

1	Andreas Boge Berland	Andre (Fusa ungdomsskule)
2	Mateo Ivarsen	Andre (Os ungdomsskule)

Vara for Ella Christiansdotter Epland

1 .	Agata Konieczka	Fusa ungdomsskule
2 .	Lars Andreas Stenevik Gjøn	Fusa ungdomsskule

Vara for Magnus Haldorsen Bakke

1 .	Johannes Skeie	Nore Neset ungdomsskule
--------	----------------	-------------------------

Vara for Adrian Karlsen

1 .	Johannes Fjeld Skulstad	Os ungdomsskule
2 .	Alexander Horgen	Os ungdomsskule

Vara for Mathilde Eikeland Gjøn

1 .	Liselotte Döring	Fusa vidaregåande skule
2 .	Mads Lund Halland	Fusa vidaregåande skule

Vara for Hanna Viktoria Bjøntegaard

1	Jens Harnes	Kongshaug musikkgymnas
2.	Ronja Alvalin Hvide Meling	Os ungdomsskule

Vara for Annie Sofie Ask

1 .	Andrine Forstrønen	Os gymnas
--------	--------------------	-----------

Vara for Fredrik Strønen Sperrevik

1 .	Jakob Austevoll Lyssand	Os vidaregåande skule
2 .	Aurora Sverre	Os vidaregåande skule

108/2025 - ORIENTERING - BUDSJETTFRAMLEGG 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren sin presentasjon av Budsjett 2026/Økonomiplan 2026 - 2029 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 108/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 109/2025

Kommunedirektør Arild M. Steine la frem budsjettframlegg 2026-2029.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva kl. 20:48

Vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren sin presentasjon av Budsjett 2026/Økonomiplan 2026 - 2029 til orientering.

109/2025 - SPØRSMÅL

Innkomne spørsmål

Line Furubotn Storum, Ap; Spørsmål kring BUA sine nye lokaler i Fjorden Arena

På vegne av Fusa karateklubb, Strandvik IL, Eikelandsfjorden IL, og Frivillighetssentralen i Fusa har gruppeleiarane og ordførar har fått tilsendt mail angående endring av bruksareal i Fjorden Arena.

Det er sett opp ein ny vegg i foajeen i hallen i samband med at BUA skal få nye lokaler.

Det er tydeleg at opplevinga frå idrettslaga og frivilligsentralen at det ikkje har vore kommunikasjon med dei undertekna, og tiltaket vart heller ikkje nevnt på oppstartsmøte om hallen for knappe to månader sidan.

I mailen er det referert til fleire utfordringar med valgt løysing.

Området er det mest brukte og einaste uformelle treffpunktet for barn og unge på Fusasida, det er her det samlast til open hall, foreldreprat under trening, lekser og servering av mat. Ein har mista oversikten ut, eit stort lysinnslepp er fjerna, inngangspartiet er blitt trongt og plassen for henting og bringing er blitt så liten at ein er redd for at det kan føre til uoversiktlige situasjonar på parkeringsplassen.

Kva dialog har vore med dei overnevnte før beslutninga om bygging av ny BUA i Fjord`n Arena vart gjort?

Er det sett på alternative lokalitetar eller løysingar?

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Behandling og vedtak i sak 109/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 30.10.2025

Framlegg til vedtak frå Line Furubotn Storum, Arbeidarpartiet

Spørsmål kring BUA sine nye lokaler i Fjorden Arena

Spørsmål kring BUA sine nye lokaler i Fjorden Arena

På vegne av Fusa karateklubb, Strandvik IL, Eikelandsfjorden IL, og Frivillighetssentralen i Fusa har gruppeleiarane og ordførarar fått tilsendt mail angående endring av bruksareal i Fjorden Arena.

Det er sett opp ein ny vegg i foajeen i hallen i samband med at BUA skal få nye lokaler.

Det er tydeleg at opplevinga frå idrettslaga og frivilligsentralen at det ikkje har vore kommunikasjon med dei undertekna, og tiltaket vart heller ikkje nevnt på oppstartsmøte om hallen for knappe to månader sidan.

I mailen er det referert til fleire utfordringar med valgt løysing.

Området er det mest brukte og einaste uformelle treffpunktet for barn og unge på Fusasida, det er her det samlast til open hall, foreldreprat under trening, lekser og servering av mat. Ein har mista oversikten ut, eit stort lysinnslepp er fjerna, inngangspartiet er blitt trongt og plassen for henting og bringing er blitt så liten at ein er redd for at det kan føre til uoversiktlige situasjonar på parkeringsplassen.

Kva dialog har vore med dei overnevnte før beslutninga om bygging av ny BUA i Fjord`n Arena vart gjort?

Er det sett på alternative lokalitetar eller løysingar?

Framlegg til vedtak frå Jakob Enerhaug, Kristeleg folkeparti

Status for gjennomføring av budsjettvedtak

KrF etterlyser gjennomføring av følgjande punkter i 2025 budsjettvedtak:

* I budsjettvedtak om Kulturskulen sa vi at ein skal få vurdert eit nærare samarbeid mellom Bjørnafjorden kulturskule og Kongshaug Musikkgymsnas. Elevar frå Kongshaug kan t.d. vera ein ekstra ressurs inn i kulturskulen sitt tilbod.

* I budsjettvedtak om Bjørnafjorden ASVO sa vi at vi meiner det er rom for å nytta verksemda i enda større grad i den kommunale tenesteproduksjonen.

Ein kan til dømes sjå for seg nærare definerte vedlikehaldsoppgåver knytt til bygg, bymøblar, byrom og parkanlegg. Tilsvarande kan arbeidstakarar i ASVO nyttas inn mot servicefunksjonar på Fusa bu- og behandlingssenter og Luranetunet bu- og behandlingssenter. Det må også greiast ut om Bjørnafjorden ASVO kan overta vaskeritenesta for kommunen knytt til FBBS, LBBS og andre bufellesskap.

I 2. tertialrapport står det at ein har sett på sakene, men det er ikkje rapportert om konkrete forbetringstiltak for kommuna. Kva er tidsplanen for gjennomføring av vedtaka? Kva vil ordføraren gjere for å følgje opp det som gjenstår?

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 107/2025

Line Furubotn Storum, Ap fremførte sitt spørsmål kring BUA sine nye lokaler i Fjorden Arena
Ordførar Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet på vegne av kultursjef Erik Vangsnes:

Svar på spørsmål kring BUA sin nye lokale i Fjorden arena

Brev frå brukarane av Fjorden arena dagsett fredag 16.10. om endra bruksareal i Fjorden arena vart svart på av kultursjef 23.10.

Bua har fått avdelt eit areal på vel 28 kvm i foajeen som i utgangspunktet hadde eit samla areal på 151 kvm. Tiltaket vil påverka rommet og bruken, men vurderinga er at foajeen framleis vil ha gode kvalitetar og kapasitet til å vera ein god møteplass og kantine, slik den var tenkt å vera frå starten. Ved større arrangement og tilbod som treng meir mingleplass, må vi også ta i bruk gode rom og fellesareal i 2. høgda.

Etter at kommunestyret gjorde vedtak om sal av Kommunesetunet i budsjettbehandlinga i desember 2024, har det blitt jobba med alternative løysingar for BUA. Det har blitt vurdert bruk av lokale kommunen alt leiger i gamle Fjorden nærsenter, men her vil tilkomsten til 2. høgda vera dårleg for eit slikt tilbod. Eit anna alternativ som er vurdert er gamle Fusa ungdomsskule. Dette alternativet er vurdert som usentralt og uaktuelt.

Tidleg i prosessen har Fjorden arena peika seg ut som det beste alternativet for BUA. Det er eit bygg kommunen eig og ein sentral lokasjon der målgruppa barn og unge alt møtes. Denne flyttinga til Fjorden arena har blitt kommunisert og informert om offentleg m.a. som var på interpellasjon i kommunestyret 19. juni, noko som også Os og Fusaposten omtalte 25.6. Forslaget har også kome fram i oppslag og politiske saker i media etter sommaren.

Den konkrete romløysinga som vart vald, kom etter ei synfaring 4. september der administrasjonen og Os idrettspark Bjørnafjorden KF var med, tillegg til berørte tilsette og verneombod. Etter at kommunen landa på den endelege løysinga har vi ikkje kommunisert dette til dei faste brukarane av hallen. Det er uheldig og det har vi beklagar overfor brukarane i brev 23.10.

Vår intensjon med å leggja Bua til Fjorden arena er å styrka både Bua og idrettshallen og å trygga BUA-tilbodet i Eikelandssosen. Vi har stor tru på at vi kan utvikla Bua i Fjorden arena og at det blir eit viktig tilbod for innbyggjarane i tida som kjem, både for kommunale brukarar i skule og barnehage, lag og organisasjonar og folk flest.

Jakob Enerhaug, KrF fremførte sitt spørsmål om status for gjennomføring av budsjettvedtak.
Ordførar Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet:

Samarbeid Kulturskulen – Kongshaug Musikkgymsnas

Som ledd i den politiske bestillinga i budsjett 2025 har leiinga i oppvekst og rektor ved kulturskulen hatt møte med leiinga ved Kongshaug musikkgymsnas. Musikkgymsnaset er positiv til prosjektsamarbeid, men det er per no ikkje aktuelt for dei at elevar ved skulen skal gå inn som ekstra ressurs i kulturskulen.

Auka bruk av ASVO Bjørnafjorden i kommunal tenesteproduksjon

Dette har vore tema i fleire møter mellom kommunen og ASVO'en gjennom året, mellom anna i dei formelle eigarmøta. Kommunen har levert grunnlagsdata knytt til vaskeritenester, og ASVO er i ein prosess der dei ser på utviding m/bybygg i Industrivegen. Her er det

mellom anna aktuelt med grensejustering/kjøp av areal frå kommunen. Prosessen pågår. Når det gjeld andre oppgåver, t.d. vedlikehald og grøntareal, er ein ikkje i mål. Skal deler av dette arbeidet setjast ut til ASVO gjev det kostnader for kommunen, og det er ikkje like lett å identifisera tilsvarande innsparingar på Eigedom drift eller Grøntavdelinga i kommunen. Dette kan bli eit tema i den kommande budsjettprosessen.

Kommunedirektøren har også meldt at noko av dette vil bli omtalt i budsjettframlegget for 2026, utan at eg p.t. veit kva innhaldet er.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

110/2025 - INTERPELLASJON

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

**Behandling og vedtak i sak 110/2025, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE
30.10.2025**

Behandling:

Det er ingen innkomne interpellasjonar, saka utgår.

Vedtak:

Saka utgår.